



OG ARKITEKTER AS

Postboks 23  
5819 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7741 - 17/29169

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

09.10.2017

## Mellombels bruksløyve Blokk C Langheiane felt B7 - gbnr 188/770 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 457/17**

**Tiltakshavar:** ORION PROSJEKT AS

**Ansvarleg søkjar:** OG ARKITEKTER AS

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.07.15, 04.09.15 og 16.03.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Avfallsplan og FDV-dokumentasjon

Sluttføre uavhengig kontroll

Mindre bygningsmessige arbeider ferdigstilles 06.10.17

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Blokk C

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.17

Det vert elles vist til søknad motteken 03.10.17.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for Blokk C, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	Langheiane 57, 59, 61, 63, 65, 67, 69, 71, 73 og 75
Bygningstiltak:	Blokk C (seksjonsnr. 11, 12, 13, 23, 24, 25, 33, 34, 35 og 38)
Bygningsnummer:	300579068

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Bruksareal:	937 m <sup>2</sup>
Vatn og avløp:	Offentleg

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Blokk C på gbnr. 188/770. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Blokk C
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.17.

**Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7741**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

OG ARKITEKTER AS  
ORION PROSJEKT AS

postboks 24 5819  
Nesttunvegen 111 5221

BERGEN  
NESTTUN

**Mottakarar:**  
OG ARKITEKTER AS

Postboks 23 5819

BERGEN